



Høgskulen  
på Vestlandet



# Samtidsdagane 2024

---

Tysdag 30. januar og onsdag 31. januar



# Hjarteleg velkomen til Samtidsdagane ved Høgskulen på Vestlandet

Den raude tråden i årets program er *folkehelse, utanforskap, sosial berekraft, mangfald og konflikt*. Dette er viktige tema i det offentlege ordskifte, det er tema me treng kunnskap om. Campus Stord gir gode rammer.

Eg vonar Samtidsdagane vil gje deg nye perspektiv og innsikter. Kanskje vil det som blir fortalt treffe deg både intellektuelt og i hjarta. Varme hjarte og klare hovud gir det beste grunnlaget for handling.

Samfunnet treng forskingsbasert kunnskap og kompetanse for å forstå og løysa samfunnsutfordringar. Og i dette finn Samtidsdagane sin naturlege plass.

Samtidsdagane ved Høgskulen på Vestlandet er ein arena der ny forskning og aktuell litteratur om samfunnsrelevante problemstillingar vert delt med studentar og tilsette i høgskulen, og med samfunnet rundt oss.

Eg vil takka alle som har bidratt til å gjera konferansen mogleg. Eg vil spesielt takka dei som har førebudd Samtidsdagane, og alle som har sagt ja til å dela kunnskap og røynslar.

Lukka til med årets Samtidsdagar på HVL!

**Gunnar Yttri**

Rektor Høgskulen på Vestlandet

# TYSDAG 30. JANUAR



Kl. 09.30 – 09.45 - AULA

## Opning av Samtidsdagane 2024

Christine Øye, prorektor Høgskulen på Vestlandet  
Sigbjørn Framnes, ordførar Stord kommune.

Inga Marte Thorkildsen

## DET VI SÅ, VAR ET SVIK MOT BARNA

En ny retning  
for velferdsstaten

Vigmostad | Bjørke

Kl. 09.45 – 10.45 - AULA

## Det vi så, var et svik mot barna. Ei ny retning for velferdsstaten

v/Inga Marte Thorkildsen, Kjetil Grimastad Lundberg,  
Tommy Johansen og Christine Øye.

Inga Marte Thorkildsen, tidlegare barne-, likestillings- og inkluderingsminister, viser i den nye boka si «Det vi så, var et svik mot barna» at mange barn i Noreg opplever overgrep, vald og omsorgssvikt. I møte med dei offentlege systema går mange av barna under radaren. I programposten vil Thorkildsen presentera oppdatert kunnskap og komma med konkrete forslag til ei ny retning for velferdsstaten for å sikre at barn og unge får betra levekåra sine.

Etter innleiinga vil Thorkildsen delta i ein samtale med Tommy Johansen, kommunedirektør Stord kommune, og professor Kjetil Grimastad Lundberg frå Høgskulen på Vestlandet. Christine Øye, prorektor for forskning på Høgskulen på Vestlandet, vil leia samtalen.

OLAUG  
NILSSEN  
UØNSKA  
ÅTFERD

ROMAN

af-press

Kl. 11.00 – 12.00 – UND 103

## «Uønska åtferd» - Kor går grensa for kva ein skal ofra for eit barn?

v / Olaug Nilssen, Hege Myklebust og Liv Inger Engevik

I si ferske kritikarrote bok «Uønska åtferd» viser Olaug Nilssen fram kor krevjande det er for ein familie å ta vare på alle når ein har eit barn som treng alt. I boka møter me Katrine som er gift med Gunnar, saman har dei barna Jostein og Janne. Sonen har ei utviklingshemming, og familielivet er fullstendig dominert av omsorgsbehovet hans. I kampen for sonen er Katrine i ferd med å mista alt, ekteskapet, forholdet til dottera, men også seg sjølv.

Hege Myklebust, førsteamanuensis på Høgskulen på Vestlandet, vil leia ein samtala med Nilssen og spesialpedagog og førsteamanuensis Liv Inger Engevik med utgangspunkt i tematikken i boka.



Kl. 11.00 – 12.00 – SJU 149

## Vi fattigfolk - om å vera fattig og å skamma seg over det.

v/ Anna-Sabina Soggiu, Kjetil Grimstad Lundberg og Leif Steinar Alfsvåg

Anna-Sabina Soggiu er sosionom og forfattar. I denne programposten, som byggjer på den kritikarrote boka «Vi fattigfolk», vil ho fortelje om å vera fattig og å bli oppfatta som eit problem, når det eigentlege problemet er hjelpa du ikkje har fått. Dette er også ei historie fylt av ømheit, raseri, forutan humor, om korleis det er å endå opp i utanforskaps, i fattigdom i det rikaste landa i verda.

Etter innleiinga vil Soggiu delta i ein samtale med professor Kjetil Grimstad Lundberg og Leif Steinar Alfsvåg, høgskulelektor på Høgskulen på Vestlandet

Kl. 12.00 – 12.45: Lunsj



KI. 12.45 – 13.45 – UND103

## Skulevegring – kvifor sit barn og unge heime åleine i staden for å gå på skulen?

v/ Gaute Brochmann, Jannecke Fjeldtvedt, Rune V. Ask, Kirsten H. Flaten og Liv Inger Engevik.

Skulevegring er eit mysterium. Mange av dagens barn og unge veljar å venda ryggen til ein skule som på grunnleggjande nivå ser ut til å vera betre tilpassa dei som indid enn det som var tilfellet for 30 år sidan Kvifor har det vorte slik? Gaute Brochmann, forfattar bak boka «Skolevegringsmysteriet», vil innleia og prøva å gi oss nokre svar.

Etter innleiinga vil spesialpedagog og førsteamanuensis Liv Inger Engevik leia ein samtale med Jannecke Fjeldtvedt, Pedagogisk-psykologisk teneste, Stord kommune, Rune V. Ask, rektor på Stord ungdomsskule, og Kirsten H. Flaten, spesialpedagog og dosent, Høgskulen på Vestlandet.



KI. 12.45 – 13.45 – SJU 149

## Fattigdom og familieperspektivet

v/ Kjetil Grimastad Lundberg, Anna-Sabina Soggiu og Leif Steinar Alfsvåg

Barnfattigdom i Noreg er aukande. Utdanningsnivået til foreldra, inntektsnivå, helse og bruk av offentlege støtteordningar blir overført mellom generasjonar. Det er tydelege samanhengar mellom økonomiske ressursar i familien og helsa og livskvaliteten til barn og unge. I dag er tenester til barn og familiar med dårleg økonomi og utfordrande livssituasjonar sjeldan integrerte og koordinerte. I denne programposten vil Kjetil Grimastad Lundberg, professor på Høgskulen på Vestlandet, innleie med utgangspunkt i forskingsprosjektet «Nye mønster», om kva som må til for å bryta mønster der utfordringar relatert til fattigdom blir overførte mellom generasjonar.

Etter innlegget vil Leif Steinar Alfsvåg, Høgskulen på Vestlandet, leia ein samtala med Lundberg og sosionom og forfattar Anna-Sabina Soggiu.



Kl. 14.00 – 15.00 - SJU 149

## Eg snakkar om det heile tida – ein samtale om mangfald, rasisme, seksualitet, identitet og lengslar

v/Camara Lundestad Joof og Morten Joachim

Camara Lundestad Joof er kjend som scenekunstnar, forfattar og ein viktig samfunnsdebattant. Ho er ein av dei mest aktuelle dramatikarane i landet og har oppnådd stor suksess med teaterstykke som «Samtalar med bror», «Pavlovs tise» og «Dei må føda oss eller pula oss for å elska oss». Ho fekk også svært gode meldingar for boka «Eg snakkar om det heile tida» I denne programposten vil ho snakka om korleis ein i samfunnet vårt i dag kan snakka om kvardagsrasisme, diskriminering, identitet, seksualitet og kjønn utan å trakka feil for å forandra samfunnet til det betre.

Samtalen blir leia av dramatikar og teatersjef ved Haugesund Teater, Morten Joachim.



Kl. 14.00 – 15.00 - UND103

## Barn som lever med vedvarande høg konflikt mellom foreldre

v/ Inger Kristin Heggdalsvik

Vedvarande og høg konflikt mellom foreldre kan vera belastande for barns helse og utvikling, og dessutan medføra konsekvensar for foreldre sine evner til å gi barna god nok omsorg. Det er utfordrande for dei profesjonelle i hjelpeapparatet å gjera gode vurderingar, og å setja i verk formålstenleg hjelp tilpassa barn og foreldre. I denne programposten vil Inger Kristin Heggdalsvik, førsteamanuensis på Høgskulen på Vestlandet, fortelja om doktorgradsarbeidet sitt kor ho har utforska korleis profesjonelle ved familievernkontor og kommunale barneverntenester i Noreg forstår og vurderer situasjonen til barn som er i risiko for omsorgssvikt på grunn av vedvarande og høg konflikt mellom foreldre.



# ONSDAG 31. JANUAR




Kl. 10.00 – 10.45 – UND 103

## Familiemangfald i møte med barnehage og andre sentrale helse- og sosialtenester for barn og unge

v/ Alicja Renata Sadownik, Johanne Geitung Håvik og Marit Frimannslund

Alicja Renata Sadownik, førsteamanuensis Høgskulen på Vestlandet, har i forkinga si sett nærare på sosio-økonomiske forskjellar, kulturelt mangfald og migrasjon. I denne programposten vil ho presentera korleis minoritetsfamiliar møte med barnehagen og andre sentrale helse- og sosialtenester for barn og unge vert praktisert.

Etter innleiinga vil Marit Frimannslund, høgskulelektor, leia ein samtale med Sadownik og Johanne Geitung Håvik, styrarassistent i Espira Salamonskogen barnehage.



Kl. 10.00 – 10.45 – SJU 149

## Korleis bruka humor til å styrkja læringsprosessar, sosiale relasjonar og psykisk helse

v/ Kirsten H. Flaten

Kirsten H. Flaten er dosent på Høgskulen på Vestlandet med utdanning innanfor spesialpedagogikk og psykologi. Forskinga hennar skjer innanfor tema som psykisk helse, angst og utprøving av angstførebyggjande program. I dette innlegget vil ho gi døme og tips til korleis ein kan få meir humor inn i barnehage, skule og andre støttfunksjonar som arbeider med barn og unge. Foredraget byggjer på boka «Pedagogikk og humor»



Kl. 11.00 – 12.00 – UND 103

## Min skam

v/ Nadia Ansar

Psykolog Nadia Ansar har fått veldig god mottaking for boka «Min skam». I dette foredraget, som byggjer på boka, vil Ansar bruka den personlege og faglege stemma seia til å fortalde historia om kampen for den flinke minoritetsjenta for å få lov til å vera seg sjølv. Ho vil også komma inn på den vanskelege foreldrerolla og den halsbrekkande spagaten mellom det likestilte, norske samfunnet og forventningane til den patriarkalske kulturen. Ansar har dei siste 20 åra jobba som psykolog og prosjektleiar iblant anna Alternativ til vald, i barne- og ungdomspsykiatrien og i familievernet, og fullførte nyleg ei doktorgrad i emosjonsfokuserert ferdigheitstrening for foreldre.



Kl. 11.00 – 12.00 – SJU 149

## En kort introduksjon til Sovjetunionen

v/ Kåre Johan Mjør og Svein Olav B. Langåker

Kåre Johan Mjør har nettopp gitt ut boka « En kort introduksjon til Sovjetunionen », som er ei aktuell og oppdatert framstilling av Sovjetunionens historie, frå revolusjonane i 1917 og unionsavtalen i 1922, til oppløysinga i 1991. Sovjetunionen var eit heilt sentralt kapittel i europeisk og global 1900-talshistorie, og verda er framleis prega av arven frå unionen, 30 år etter at han forsvann. I dette foredraget vil du få høyra meir om kvifor det framleis er viktig å studera Sovjetunionen, kva som er dei viktigaste etappane og trekka ved sovjetisk historie, og kva som kan ligga i uttrykket «den sovjetiske arven» Mjør er førstelektor i russisk ved Institutt for framandspråk, Universitetet i Bergen og førstebibliotekar ved Høgskulen på Vestlandet. Etter foredraget vil journalist Svein Olav B. Langåker leie ein samtale med Mjør.

Kl. 12.00 – 12.45: Lunsj





KI. 12.45 – 13.45 – SJU 149

## Søvn i ulike livsfasar

v/ Kjersti Marie Blytt og Elisabeth Flo-Groeneboom

Kjersti Marie Blytt er førsteamanuensis ved Høgskulen på Vestlandet og forskar på søvn i ulike livsfasar og under ulike vilkår, samt samvirke mellom depresjon, diabetes og tannhelse og søvn hos eldre menneske med demens. Elisabeth Flo-Groeneboom er professor ved Det psykologiske fakultetet, Universitetet i Bergen, og forskar på ikke-farmakologiske intervensjoner, søvn og døgnrytmer, psykiske helseutfordringer gjennom livet, og funksjon hos eldre og personer med demens. Blytt og Flo-Groeneboom lagar også podkasten «Søvnens makt» og i denne programposten vil dei dela kunnskapen sin om søvn.



KI. 12.45 – 13.45 - UND 103

## USA 2024: Kven vann presidentvalet?

v/ Hilmar Mjelde og Sigurd Sandvold

Hilmar Mjelde er professor på Høgskulen på Vestlandet, og ein av dei fremste USA-forskarane i landet. I dette innlegget vil han gi oss ein tilstandsrapport på det amerikanske demokratiet. Han vil prøve å forklare kva som står på spel, og seie noko om kven han trur vil vinne det komande presidentvalet. Etter innlegget vil Sigurd Sandvold, prodekan for regional utvikling på Høgskulen på Vestlandet, leia ein samtale med Mjelde.



Kl. 14.00 – 15.00 – UND 103

## Krig og pandemi i Europa

v/ Roger Severin Bruland

Med NRK-mikrofonen tett til brystet i uvær, på sjukehus og bland flyalarmar har journalist Roger Severin Bruland gitt oss innblikk i særst utfordrande tilstandar i Midt og Aust-Europa dei siste åra. Bruland har mellom anna gitt oss nyheiter frå eit Europa ramma av pandemi og krig i Ukraina. I dette foredraget vil Bruland gje oss innblikk i kvardagen som korrespondent og gje oss eit bilete av den utfordrande situasjonen me har i Europa i dag.

# Samtidsdagane 2009-2024

For femtande året på rad inviterer Høgskulen på Vestlandet til Samtidsdagane

## Tidlegare tema og forelesarar:

- 2023: FNs berekraftsmål  
Maria Navarro Skaranger, Therese Tungen, Frode Thuen, Tarjei Skirbekk og Brynjulf Jung Tjønn m.fl
- 2022: Psykisk helse  
Vilde Bratland Hansen, Hilde K. Kvalvaag, Katrine Sele, Marthe Valle, Anders Totland m.fl.
- 2021: Samhandling i ei endra verd  
Olaug Nilssen, Sandra Lillebø, Ole Jacob Madsen, Adel Khan Farooq, m.fl.
- 2020: Psykisk helse og berekraftig utvikling  
Margrethe Olin, Peder Kjøs, Thorvald Steen, Sigrí Sandberg, Siri Helle, Frode Thuen Ellen Kristvik, Liv Kari Eskeland
- 2019: Oppvekst, omsorgssvikt og psykisk helse, og mangfald, integrering og det fleirkulturelle Noreg  
Kai Eide, Vigdis Hjorth, Niels Christian Geelmuyden, John Peder Egenæs, Camara Lundestad Joof, Svein Egil Omdal, Ivo de Figueiredo
- 2018: Psykisk helse og internasjonalisering  
Olaug Nilssen, Gro Dahle, Anne Bitsch, Sigurd Falkenberg Mikkelsen, Cathrine Moe Thorleifsson, Anne Birgitta Nilsen, Nina Brochmann og Anders Totland.
- 2017: Omsorgssvikt og en verden i endring  
Hilde Frafjord Johnson, Åsne Seierstad, Thomas Ergo, Helga Flatland, Anders Torp
- 2016: Vold i nære relasjonar og migrasjon  
Inga Marte Thorkildsen, Helene Uri, Hege Moe Eriksen, Frøy Gudbradsen, Stein Inge Jørgesen
- 2015: Folk på flukt  
Marte Michelet, Hege Moe Eriksen, Simon Stranger, Jon Gangdal, Oda Faremo Lindholm
- 2014: Borgerkrigen i Syria - en geopolitisk krise?  
Robert Mood, Guri Hjeltnes, Bernt Hagtvedt, Anne Sender, Yousef Assidiq
- 2013: Ekstremisme på fremmarsj - Mangfold, respekt og verdighet  
Sturla J. Stålsett, Margareth Olin, Øyvind Strømmen
- 2012: Afrikas Horn og Den arabiske vår  
Kai Eide, Leni Stenseth, Norsk folkehjelp, John Peder Egenæs
- 2011: Utviklingen i Afghanistan og Det moderne Kina  
Bård Vegar Solhjell, Philip Lote
- 2010: Midtøsten og Det fleirkulturelle Norge  
Erik Fosse, Atle Sommerfeldt
- 2009: Valget i USA og utviklingen i Kongo  
Ole Moen, Anders Magnus



@hvl.no



@hvl.no



youtube/hvl

[hvl.no/samtidsdagane](http://hvl.no/samtidsdagane)